



slik ligg dei 2 felta som skal rustast opp

**Det går føre seg ein relativt omfattande opprusting av jordbruket i Uskedalen. For få dagar sidan skreiv vi om oppdyrkinga Runar Myklebust har gjennomført på Rød. No har Margun Eik og Anbjørn Høivik søkt om løyve til bakkeplanering på to felt på tilsaman 6,5 dekar innmark på sin gard Kjærland.**

Arbeidet skal slutførast innan utgången av 2016 og det skal skje slik at ein unngår avrenning av jordmassar undervegs.

Det største feltet har 1 dekar fulldyrka mark med grasproduksjon mens resten er deponi av matjord, sandtak, jordbruksveg og ei bratt helling. Planeringa skjer for å auka arealet av fulldyrka mark på garden og gje plass til naudsynt driftsareal. Truleg må 1500 kubikkmeter lausmasse flyttast.

Det minste feltet er på 1,5 dekar og der er det grasproduksjon på fulldyrka mark. Planeringa vil gjera det mogeleg med rasjonell, maskinell grasbergning her.

Det er ingen kjente kulturminne på areala og det er ikkje prioriterte naturtypar eller sjeldsynt plante- eller dyreliv der. Tiltaket vil ha positiv verknad for naturopplevinga og driftstilhøva på garden vert monaleg lettare

Av Ola Matti Mathisen